



Instituttrådet

Referanse

2023/13061-STT

Dato

15.09.2023

Tidspunkt: Torsdag 14.09.23 kl.
Stad: Sydneplassen 12/13, møterom 1. etasje
Til stades: Steinar Bøyum, Gunnar Karlsen, Eivind Kolflaath, Hans Marius Hansteen, Sorin Bangu (vara), Rune Falch (vara), Kirsten Bang, Marilu Papandreou, Johan Ulla, Frøya Lothe, Edvard Haugland (vara)
Forfall: Julie Zahle, Fredrik Johansen, Vibeke Tellmann

Protokoll - instituttrådsmøte 14.09.23

I Godkjenning av innkalling og sakliste

- Sakspapir til orienterings sak om endring i doktorgradsforskriftene mangla i sakspapira. Dette blir sendt ut i etterkant.
- Johan Ulla meldte sak til eventuelt

II Orienteringsaker

- Fakultetsstyremøte 05.09: Hans Marius Hansteen gjorde greie for dei viktigaste sakene frå sist fakultetsstyremøte, særleg budsjettsaka og premissane som ligg til grunn for dette. Exphil i økonomisk balanse i 26/27, arbeid med å auke studentane si gjennomføringsgrad monaleg og utvikling av ny studieportefølje er blant tiltaka som skal sikre fakultetet budsjettbalanse på lengre sikt, trass i stor usikkerheit knytt til framtidig budsjettmodell.
- Orientering om endring i doktorgradsforskriftene ved UiB. Sakspapir blei sendt ut i etterkant av møtet. Endringane handlar om digitale vitnemål, ei mindre justering i dr.philos-forskrifta og krav om at begge kjønn er representerte blant opponentane.
- Lokal lønnspolitikk – minste startlønn for noen stillingskategoriar: Universitetsleiinga har fastsett nye minstelønnsatsar for ei rekkje stillingskategoriar.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudium
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydneplass 12-13
Bergen

Sakshandsamar
Steinar Thunestvedt
55582384

- Kvalitetsarbeid i forskerutdanningen: Evaluering av kvalitetssystemet for ph.d.-utdanningen ved UiB: Fakultetet/FIA har bedt om innspel i samband med evalueringa av kvalitetssystemet for ph.d.-utdanninga. Fakultetet sin frist er 30.09 og eventuelle innspel i saka kan sendast til: forskerutdanning.hf@uib.no
- Endring i forskrift for om ansettelsesvilkår: Stipendatar og postdoktorar skal no bli likebehandla i tilfeller med kortsiktig sjukdom. Til no er det berre stipendiatane som har fått dette lagt til tilsetjingsperioden.
- Justering i leinga ved FoF: Ole Martin Skilleås overtar som nestleiar – med funksjon som instituttleiar sin avløyser i påkravde tilfelle. Torfinn Huvnes overtar som leiar for Forskingsutvalet.

III Vedtakssaker

2023-17 Prinsipp for søknader om eksternfinansiering

Vedtak:

Instituttrådet vedtar dei framlagte prinsippa for søknader om ekstern finansiering. Sak som konkretiserer prinsippa om insentiva for å søkje ekstern finansiering blir lagt fram på eit seinare tidspunkt.

2023-18 Rekneskapsrapport etter 2. tertial

Det blei presisert at rekneskapsrapporten baserer seg på det budsjettet som instituttrådet vedtok i februar d.å., såleis vil den vere noko misvisande.

Vedtak:

Instituttrådet tar rekneskapsrapport pr. 31.08.23 til orientering.

2023-19 Revidert driftsbudsjett 2023

Vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til det framlagte reviderte driftsbudsjettet for 2023.

IV Eventuelt

Fagutvalsleiar Johan Ulla orienterte om nytt fagutval og planlagte aktivitetar for semesteret. Dei planlegg bl.a. tur til Wittgenstein-hytta i Skjolden og har også ambisjonar om eit tidsskrift.

Retningslinjer for bruken av undervisningsassistenter blei særleg etterlyst av studentane.

Dei etterlyste også ei meir pro-aktiv haldning frå instituttet i spørsmål knytt til fagutvalet sine oppgåver og rolle.

Instituttleiar takka for innspelet og lovde å sjå nærare på situasjonen knytt til bruken av undervisningsassistenter.

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef